

## Songen um Klokkja

1.

Murad fast i Auren stender  
Formi som av Leir er brend.  
No i Dag det gjeld um Hender:  
no skal Klokkja vera rend.  
Heit um Skallen daa  
Sveiten siga maa,  
um vaart Verk av oss skal skreppa;  
men fraa Himmel'n kjemer Heppa.

Til aalvorsame Verk og Mødor  
det høver aalvorsame Ord;  
naar Verket gjeng med goda Rødor,  
so er ei Gjerning lettleg gjord.  
So lat oss daa med Umsyn merka,  
kvat veika Hender vinna maa;  
dei Folk, som utan Tanke verka,  
dei kunna liten Vyrdnad faa.  
D'er det, som Mannen mest mun prydla,  
og dertil fekk han og sitt Vit,  
at han i Hugen rett maa tyda  
all Verkning av sitt Stræv og Strit.

2.

Take Vid av Furestomnen;  
turr og traust han vera maa,  
at det sterke Baal i Omnen  
kann seg inn i Malmen slaa.  
Sjode Kopar'n hardt,  
slaa i Tinet snart,  
at det seige Smelteslaget  
renna kann paa rette Laget.

Det Sod, me her i Gruva sjoda,  
det Verk, som Elden skapar nytt,  
det skal i Klokketornet ljoda  
og vitna um oss høgt og lydt,  
Det vara skal til seina Tider  
og fram til mangt eit Øyra naa;  
det klaga skal med den, som kvider,  
og vekkja Song med heilag Traa.  
Alt som den skifterike Lagnad  
legg yver Mannen Lyst og Sut,  
so synger Malmen Sut og Fagnad  
og Ljomen gjeng aat Viddom ut.

3.

Kvita Bolor seer eg spretta:  
 alt i Braadning Malmen er.  
 Oskesalt me i skal smetta,  
 at han snøggre Smelting fær.  
 Kjem det Skum uppaa,  
 fløyt det vel ifraa.  
 Rein og skir skal Malmen sjoda,  
 reint og skirt skal Røysti ljoda.

For med ein Helgar-Svip i Klangen  
 ho helsar paa ein nyfødd Gjest,  
 som paa den *fyrste Heimangangen*  
 kjem sovande til Kykjefest.  
 D'er løynt, kvat Framtid han skal finna,  
 kvat der han tapa skal og vinna;  
 men Moderhug skal honom agta  
 og um hans Ijose Morgan vakta;  
 og Aari ganga fort sin Gang.  
 Stolt fraa Smaagjentom Guten sviver  
 og stormar ut i Livsens Sveim;  
 i Verdi vidt i Kring han driver  
 og kjemer sidan framand heim.  
 Men little Gjenta stor er vordi  
 og stend i beste Blomen sin,  
 væn som ei Himmels-Syn paa Jordi  
 med Blygdar-Raudning bjart um Kinn.  
 Daa kjem eit ukjent Sviv i Barmen,  
 og Guten verd um Hjartat veik;  
 han einsleg gjeng og flyr fraa Svarmen  
 og hugast meir til Sorg en Leik.  
 Han fylgjer henne bljug i Vegen,  
 naar fyrst ho helsar, er han sael;  
 han leitar Blomar og er fegen,  
 um dei maa tekkjast henne vel.  
 Du milde Lengting, søte Drøyming,  
 i Elskugs fyrste Tidom kjend:  
 i Hjartat syd ei Sæle-Strøyming;  
 fyr» Augom Himmel'n open stend.  
 Aa, giv han alltid vara skulde,  
 den Ungdoms Elsken, utan Kulde!

4.

Sjaa, det brunkast alt av Brensla.  
 Haldt ned i ein Tein og sjaa:  
 daa fyrst er det Tid til Rensla,  
 naar som Glas det fester paa.  
 Sveinar, gjæte paa!  
 Lat oss Blandet sjaa,  
 um den harde Malm og stinne  
 vel vil mengjast med den linne.

Der som det harde med det linne  
 og sterkt og mildt er saman inne,  
 der giv det jamt so god ein Klang.  
 Di skal ein, fyrr ein bind seg, prøva,  
 um Hjarta kann til Hjarta høva.  
 Ein Draum er stutt, ein Harm er lang.  
 Yndeleg i Brudar-Lokkor  
 glimar Kransen vel den Dag,  
 daa dei klaare Kyrkjeklokkor  
 bjoda Folk til Brudlaupslag.  
 Men den fegste Helg i Livet  
 flyr med Livnads-Vaaren snøgt;  
 Brudarkransen fell av Vivet,  
 og det største Ljos er sløkt.

Ja, Ofsen fær Slut,  
 men Elsken maa liva;  
 og Blomen døyr ut,  
 men Frukt maa han giva.  
 Snart Mannen lyt ut  
 i Vaas og i Møda  
 og syta til Føda  
 og pløgja og plukka  
 og freista si Lukka  
 og vaaga og trøyta  
 og Tiderna nøyta.  
 So koma Guds Gaavor i Garden umsider;  
 det munar i Budi med kvart Aar, som lider,  
 og Husi dei veksa og tøygja seg ut.  
 Og inne raader  
 den hæve Husmoder  
 i Smaabarna-Ringen;  
 ho styrer visleg den huslege Kringen;  
 ho vaktar Smaasveinen, ho lærer Smaakjella;  
 dei trottuge Hender maa stødt nokot stella.  
 Ho aukar sin Draatt  
 med skipande Haatt.  
 Med Midlar ho fyller den daamlege Hylla,  
 med Traad ho si snurrande Snelda vil fylla.  
 Ho sankar i reinslege, glitrande Skrin  
 den slikjande Ulli, det snjokvite Lin.  
 Ho kviler aldri; ho legg det, som fagnar,  
 til det, som gagnar.

Og fram etter seer Faderen glad  
 fraa den vidsynte Sval under Møne,  
 der han skodar sin trivlege Stad.  
 Sjaa dei Rader av Tre um hans Trøde  
 og den Løda, fullstappad av Grøde,  
 og det Buret med rokfulle Koppar  
 og den Aakren med svigande Toppar.  
 Stolt læt han Ord av Munn:  
 «Trygt som den faste Grunn

stender mitt Hus ved Lag  
mot alt Ulukke-Slag.»  
Men med Lukka vil det vera  
vandt eit Festemaal aa gjera.  
Braadt ei Ustund koma kann.

5.

No paa Brotet seer eg Merket,  
at det er til Rensla reidt.  
Lat oss bidja fyre Verket,  
at det alt maa ganga greidt.  
Slaa no Tappen fraa!  
Gud til Huset sjaa!  
Rjukand» inn um Hempa flaumar  
Malmen radt i brune Straumar.

Ja, god er Elden med si Magt,  
naar Mannen held um honom Vakt.  
Dei største Mannsverk hava havt  
si Hjelp av denne Himmelskraft.  
Men sløg er denne Himmelskraft,  
naar ingi Hand fær henne kvavt,  
naar laus or Lekkjom ho seg slær  
og fritt paa Tuftom leika fær.  
Fæle Syn, naar ho fær fata,  
veksa fritt og laupa fort  
gjenom folkefulle Gata  
veltand» yver Vegg og Port;  
for dei store Krafter hata  
slikt, som Manns-Hand heve gjort.  
Ut or Skyom kjem Velsigning,  
strøymer Rigning;  
men or Skyom tidd med Tjon  
skyter Ljon.  
Høyr, dei ringja Storm; det kling  
vidt i Kring;  
raud som Blod  
Himmel'n gløder;  
slikt er inkje Dagsens Glod.  
Høyr det trøder:  
Folk fer ut.  
Røyk slær ut.  
Flugtand» upp ein Loge stiger,  
fort som Vinden fram han siger  
langs med Strætet, stor og diger.  
Svidand» ut or Baalet vella  
heita Guster; Bjelkar smella,  
Stolpar sturta, Glasbrot singla,  
Kvinnor sutra, Smaaborn vingla.  
Budyr gnella  
inn i Fella.  
Alt er Berging, Røming, Renning;

Ijos er Natt som Dag av Brenning.  
 Sløkkjarspann ei Rad av Hender  
 trottugt sender.  
 Gøysand» upp i høge Bogar  
 skvalar Vatnet millom Logar,  
 men til Uhapp Stormen flogar  
 hylande mot Baalet traatt,  
 Elden gnest og brakar braadt  
 i dei grødefulle Budom,  
 i dei turre Tekkjesudom;  
 og som um han reint av Tufti  
 vilde sopa med seg burt  
 alt, som stod paa Jordi turt,  
 stig han himmelshøgt i Lufti.  
 Raadlaus maa  
 Mannen daa  
 vika fyr» ein Himmels-Styrke;  
 sturen seer han alt sitt Vyrke,  
 all si Gjerning spilt i Dufti.

Alt er brent.  
 Storm og Yrja  
 leikar um den heite Myrja.  
 Opne, tome Glashol glyggja  
 fram med Styggja,  
 og dei høge Skyer skyggja  
 i deim inn.  
 Endaa maa  
 att paa Staden  
 etter Skaden  
 Mannen sorgfull ein Gong sjaa. —  
 So giv han seg paa Gangarvegen.  
 Kvæ Tap og Tjon han heve havt,  
 der er daa Hugnad midt i Tregen:  
 han tel sitt Folk og verder fegen,  
 han seer, at ingen der er tapt.

## 6.

Malmen er i Botnen runnen;  
 heppeleg» er Formi fyllt.  
 Skal det koma heilt or Grunnen?  
 Skal det verda blenkt og gyllt?  
 Enn um Rensla sveik,  
 enn um Formi veik ?  
 Medan me det beste vonad»,  
 er kannhenda alt fortjonat.

I myrke Moldi ned me smetta  
 vaart Verk og venta Gagn av Daad.  
 So straar ein Saamann ut sitt Saad  
 og vonar, at det upp skal spretta  
 til Hugnad med Guds høge Raad.

So saa me stundom større Sæde  
i heilag Jord med Sorg og Sut;  
men endaa or sitt Jordecklæde  
me tru, det stig til Blomstring ut.

Tungt i Tornet  
under Stong  
kveder Klokk  
Gravarsong.  
Daa ho fylgjer, aalvorsam i Klangen,  
ein, som er paasidste Heimangangen.

Ja, det er ein saknad Make,  
d'er den holle, milde Moder,  
som den myrke Dauden skilde  
burt fra Mannen utan Milde  
og fraa vesle Bornom, som  
fram til Ljos fraa henne kom,  
som ho saag med Moderhug  
muna til i Vit og Dug.  
Løyst er no det mjuke Bandet,  
som um Huset bundet var;  
for ho bur i Skuggelandet,  
ho som Moderbyrdi bar.  
Hennar holle Vøling vantar,  
hennar Umsut gjekk ifraa.  
Framandt Folk med Bornom skantar;  
Moder aldri meir dei faa.

## 7.

Medan Klokk kolnar, taka  
me ei roleg Kvilestund.  
No kann kvar sin Fridom smaka,  
glad som Fugl i grøne Lund.  
Naar det lid til Kvelds,  
Drengen fri og frels  
kviler trygt og utan Kvida;  
Husbond han maa lenger strida.

Heim or ville Skogen stiga  
fegne Folk i Kveldingsljoset;  
heim or Markom spakleg» siga  
Sauder mekrande til Fjoset.  
Nauteflokk,  
slette, skallobreide Skokken,  
kjem av Raasom  
rautande til gamle Baasom.  
Tung med Korn  
kjem ei Kjerra  
under Sperra.  
Paa dei skorne sidste Korni  
ligg ein Krans,

og dei glade Grendarborni  
fly til Dans.  
Inn fraa Vegom Staaket ræser,  
Grindi riktande seg læser;  
Folk i Stova trøyter Kvelden  
fram ved Aaren kring um Elden.  
Yver Jordi  
Myrkret tekkjer,  
men dei gode ei det kvekkjer  
med si Magt;  
d'er dei vonde, som det vekkjer,  
for det stender Log og Rett paa Vakt.

Heilag er du, himmelsende  
Landsrett, signad utan Ende,  
du som Gard og By leet byggja,  
der seg Folket fritt kann tryggja.  
Du dei ville Kjempor tamde  
og deim trygt i Grender samde.  
Du steig inn i Landsens Bygder,  
vande Folk til Sed og Dygder,  
vov um deim det beste Bandet:  
kjærleg Hug til Fødelandet.

Tusund Hender radt seg røra,  
hjelpast aat med lystugt Lag;  
og dei friske Rørslor føra  
alle Krafter fram til Dag.  
Fritt med Hug sitt Verk dei gjera,  
Svein og Meister lika hollt;  
kvar i sin Stad gild tykst vera,  
blæs aat kvar ein Spottar stolt.  
Arbeid pryder Folk i Landet,  
og Velsigning fylgjer paa.  
Kongar faa si Frægd av Standet,  
me skal Frægd av Arbeid faa.

Holle Fred, du Vinskaps Ande,  
giv du stande  
stødugt yver denne Stad!  
Giv den Dag maa aldri koma,  
daa ein Fiend», ill og galen,  
skulde herja denne Dalen,  
daa vaar Himmel,  
som um Kveld so mildt seg maalar  
yver Land,  
skulde verda skjemd av Straalar  
fraa ei Bygd, som stod i Brand!

8.

Slaa no heile Raama sunder;  
no ho heve teent si Tid.

Syn oss den, som er innunder,  
um ho no vardt væn og frid.  
Hamre, so det smell,  
til at Kaapa fell.  
Fyrst maa Formi sunder siga,  
fyrr vaar Støypling ut kann stiga.

D'er godt, ein Smid si Form kann brjota  
i rette Tid med kunnug Hand.  
D'er illt, naar gloheit Malm fær skjota  
seg ut i Kring forutan Band,  
naar fyrst med Torebrak han sprengjer  
det brotne Bur og gøyser ut  
og Eld paa alla Sidor slengjer  
kring um seg med sin arge Sprut.  
Der ville Krafter vitlaust jaga,  
kann inkje Kunstverk vel seg laga.  
Der Folk med Sverd seg lause slaa,  
der ingi Velferd standa maa.

Det er ei Rygd, naar Ufreds Tunder  
er lenge sankat i eit Land,  
naar Folket bryt si Lekkja sunder  
og spretter av seg alle Band.  
Daa Upprør hardt i Strengen rykkjer  
paa Klokkja, so ho gneller ved;  
den same Malm til Ufred klykkjer,  
som fyrrmeir berre klang til Fred.

D'er Rop um Fridom og um Jamning,  
og fredsam Borgar strida vil.  
I Gatom er der Folkesamning,  
og Herjarflokkar strøyma til.  
Daa verda sjølve Kvendi ville  
og skjemta med all Skjelv og Sut;  
or Fienden som Udyr ille  
dei vilja riva Hjartat ut.  
D'er inkje heilagt meir; ein finner  
snart inkje Band av Blygd og Skam;  
den gode fell, den vonde vinner,  
og alla Synder ganga fram.  
Vist er ei Løva vond aa vekkja,  
vist er ein Tiger arg og ill;  
men eit, som endaa meir kann kvekkja,  
er Mannen, naar han slær seg vill.  
D'er faafengt, at den blinde Daare  
fær laant eit Himmelstjos i Hand;  
det lyser ei; d'er holder Faare,  
at Land og Stad det set i Brand.

9.

Gleda vilde Gud oss giva!  
Sjaa, kor væn vaar Støypning vardt.  
Sjaa, ho blenkjer fraa si Skiva  
som ei Stjerna rein og bjart.  
Som ein Straale-Ring  
glitrar rundt i Kring,  
og det nette Meistermerket  
rosar den, som gjorde Verket.

Kom her, kom her!  
Kom kvar, som her var med aa støypa,  
at me med Namn maa Klokka døypa,  
og hennar Namn det «Semja» er:  
Til Semja og til kjærleg Einskap saman  
ho Folket kalla skal i Sorg og Gaman.

Det vera skal fraa desse Bil  
det Verk, som ho er etlad til.  
Paa Vegen upp mot Stjerneheimen  
ho jamt med Tora sviva skal,  
høgt yver all den laage Sveimen  
paa Jordi under hennar Sal.  
Ei Røyst or Høgdom skal ho vera  
rett som dei ljose Stjernor smaa,  
som Lovsong um sin Skapar gjera  
og Krans um Aar og Tider slaa.  
Sin Malmsong skal ho berre nøyta  
til ævelege store Ting;  
det timelege skal ho skøyta  
som snarast i sin lette Sving.  
Sjølv utan Sorg og utan Fagnad,  
sjølv hjartelaus og aldri veik,  
ho vitna skal um Gang og Lagnad  
i Livsens skifterike Leik.  
Og som den høge Ljomen dovnar  
og døyr, so skal ho minna paa,  
at Livet snart i Dauden sovnar,  
at alt paa Jord vil Ende faa.

No skal Klokka upp av Tufti.  
Kome no med Streng og Reim.  
Vinde henne høgt i Lufti,  
der som Klangen heve Heim.  
Tøygje, tøygje paa,  
at ho sviva maa.  
Fyrste Tonen, ho skal kveda,  
spaa oss alle Fred og Gleda!



Tekst: Friedrich von Schiller (1799). Omsett av Ivar Aasen (1870).

Kjelde: Frå Ivar Aasen: *Skrifter i samling. Trykt og utrykt.*

Kristiania og København. Forlagt av Gyldendalske Boghandel, Nordisk forlag. 1911-12.